

Jnr. 6102/1952.H.
BR/RN

HORDL.FYLKE J.NR

60582 - 1.10.52

SK Ø Y T E.

Hordaland fylke ved fylkesmannen skøyter og overdreg med dette til Staten ved Fiskeridepartementet fylket sin eige- dom bnr. 409, 447, 448, 449 og 452 (Fiskarfagskulen) av gnr. 54, Damsgård store i Laksevåg kommune, med dei bygningane som står på eigedomen. Med i overdraginga er også det inven- tarret og utstyret som no er på fiskarfagskulen.

Bygningar med grunn, inventar og utstyr vert over- dregne staten vederlagsfritt. Verdet er i alt ikring 1,4 millioner kroner.

I samsvar med vedtak av Hordaland fylkesting i 1949 og 1950 er føresetnaden for overdraginga, at dersom det i si tid vert lagd ein ny fiskarfagskule ein annan stad i Hordaland, og fiskarfagskulen på Laksevåg vert nedlagd, skal staten gje grunn og bygningar attende til fylket.

Eigedomen vert elles overdregen med dei rettar og plikter som fylket no eig han med og fri for pengehefte og andre brysame hefte.

Av skøytet frå Laksevåg Boliglag A/S til fylket av 22. oktober 1951 vedkomande overdraging av grunn og bygningar tek ein med her:

"Gjerdeplikt påhviler kjøperen.

Selgeren skal ha vegrett over de på bnr. 409, 448

Rett kopi bekreftes

H. D. D. W. l.



HORDALAND FYLKE

og 452 liggende veger så lenge det ikke er bygget særskilt veg opp til W. Vallentinsensveg nr. 7. Selgeren skal i begge tilfelle delta forholdsvis i vegvedlikeholdet dersom dette ikke overtas av Laksevåg kommune.

Dersom eiendommen senere skal overdras noen annen enn staten eller Hordaland fylke, jfr. forutsetningene for fylkestingets vedtak i 1949 og 1950 om bygging av fiskarfangskule på Laksevåg, skal Laksevåg Boliglag A/S ha forkjøpsrett."

Hordaland fylke, Bergen, den 10. september 1952.

Mons Lid.

PA

